



Til
NVE
v/sakshandsamarar Ingrid Haug / Stein Wisthus Johansen
nve@nve.no

31.08.2022

Dykkar ref.: 202017157-9
Vår ref.: # 1653258 som svar på # 1652211
Sakshandsamar: RAFL

Krav om revisjon av konsesjonsvilkår i Vetlefjordelvi

SFE Produksjon viser til brev frå NVE gjeldande sak om Revisjon av konsesjonsvilkår i Vetlefjordelvi, Sogndal kommune, Vestland fylke. Vi vil her kommentere dei punkta som NVE ber oss svare på i brevet vi mottok den 12. mai 2022.

SFE oppfattar at punkta under er relevante i saka og vil kommentere dei i denne rekkefølga:

- 1) Krav om vilkårsrevisjon frå Vetlefjorden grunneigarlag, 20.12.2020, samt supplerande e-post 10.01.2022
- 2) Krav om vilkårsrevisjon frå Sogndal kommune, vedtak 09.02.2022.
- 3) Vestland Fylkesting sitt vedtak 16.02.2022 knytt til «Rullering av regional vassforvaltningsplan 2022-2027»

Til sist har vi nokre betraktningar rundt eit par formelle forhold som vi ber om NVE sitt fokus på i vurdering av saka, og oppsummerar avslutningsvis.

Kort om Mel kraftverk

Løyve til å bygge og drifte Mel kraftverk i dåverande Balestrand kommune (no Sogndal), er gjeve i medhald av vassdragsreguleringslova i Kgl.res. 21.06.1985 med seinare endringar av manøvreringsreglementet i 1999 og i 2004. Kraftverket vart sett i drift i 1989 og produserer årleg ca. 222 GWh elektrisk straum frå vasskraft. Mel Kraftverk har avløp til Vetlefjordelvi, ca. 5 km ovanfor elveosen i Vetlefjorden. Oppstraums avløpet er det ein ca. 1,5 km lang elvestrekning, som også er gyte- og oppvekstområde for sjøaure. SFE Produksjon AS er eigar, konsesjonær og driftsoperatør for kraftverket. Sjå kart i vedlegg 1.

Om bakgrunn, kunnskapsgrunnlag, samarbeid og tiltak

Konsesjonen for Mel Kraftverk har standard naturforvaltningsvilkår og desse gjev NVE, Miljødirektorat og Statsforvaltar moglegheit til å pålegge SFE å gjennomføre avbøtande tiltak for m.a. å betre dei fysiske tilhøva for fisk. Vilkåra har også medført at det gjennom heile kraftverket si levetid har vore gjort oppfølgande undersøkingar av tilstanden for anadrom fisk i elva og fysiske tiltak. Vi vil nemne terskelbygging på 90-talet, bygging av og seinare restaurering av fisketrapp i Melsfossen, habitatforbetrande tiltak i hovudelva og sidebekkar, kultiveringsarbeid med utsetting av settefisk, plomesekkyngel og augerogn, tilnærma årlege ungfisk- og gytefisktellningar, fangsrapportering (utført av fiskarar og grunneigarar) og måling av gassovermetting. Kunnskapsgrunnlaget i elva er omfattande og godt.

I Vetle fjorden grunneigarlag sitt kravbrev datert 20.12.2020 manglar det informasjon om SFE sitt gjennomførte miljøarbeid for sjøauren i vassdraget dei seinare åra. Vi meiner dette er sentral saksinformasjon og omtalar det difor nærare her. Vi viser også til det siste møtet med forvaltning og interessentar på Mel kraftverk den 17.08.2022 der status for det 5-årige pålegget om overvaking og effektevaluering av habitattiltak, vart lagt fram og diskutert. NVE, nasjonal og regional forvaltning, grunneigarar, konsulent (NORCE LFI) og SFE deltok. Sogndal kommune var invitert men møtte ikkje.

SFE vil med si forvaltning av naturmiljøet vere ansvarleg og berekraftig. Med dette som bakgrunn har vi ved fleire høve invitert alle interessentar til møter med mål om å bli einige om tiltak for å betre forholda for sjøauren i elva. SFE si haldning har heile vegen vore å involvere, samarbeide og skape god dialog. Det er mellom anna utarbeida ein flaskehalsanalyse i 2015 etter miljødesign-metoden. Alle partar var einige om vegen vidare og tiltaka som var praktisk gjennomførbare er no gjennomført. Det må nemnast at det viktigaste tilrådde habitattiltaket ikkje vart gjennomført fordi grunneigarane sjølve ikkje ville det (gjenopning av Vetleelvi/Raubakkgrovi). Omfanget er seinare år utvida med viktige habitatjusteringar i sidebekkar og i hovudelva, mellom anna er 16 tersklar i elva justert for å betre vandring og oppvekst for sjøauren. Av andre tiltak som er gjennomført kan nemnast endring i vassbruk i kraftverket og kultivering, og tiltaka er heile tida følgt nøye opp av eksterne fiskebiologar, Statsforvaltar, Miljødirektorat og NVE.

Kunnskapsgrunnlaget fortel oss no, til liks med før regulering, at reguleringa har ein negativ effekt på fisk og fiske i elva. Det er eit syn som også SFE deler. Det ligg difor eit stort ansvar på oss i å avbøte påverknaden som kraftproduksjonen har på livet i elva, og vi skal fortsette å gjere det vi kan for å betre tilhøva gjennom nytte-/kost-vurderte tiltak.

Men SFE er ikkje einaste påverkar. Det er fleire faktorar som verkar negativt inn, og som vi meiner det er vesentleg å ha med i vurderinga knytt til gjennomføring av tiltak, men som ofte ikkje får tilstrekkeleg merksemd i diskusjonane. I tillegg til vasskraftproduksjon skjer det blant anna negative påverknader på fisken i sjøfasen, medan førebygging, kanalisering, mangelfull kantvegetasjon og avrenning frå landbruk og spreidd avløp er kjente negative faktorar i elvefasen. Kombinasjonen av alle påverknadene set avgrensingar på den totale fiskeproduksjonen. I tillegg viser Nye ungfisk- og gytefiskregistreringar at situasjonen er bekymringsfull for sjøaure generelt i ei rekke elvar på vestlandet, inkludert fleire uregulerte elvar (kjelde: Skoglund et al. 2022. Gytefisktelling i Dalelva, Teigdalselva, Ekso, Modalselva, Tysseelva, Matreelva, Haugsdalselva og Dalselva høsten 2021. NORCE rapport nr. 431. og Hanssen et al. 2022. Bestandsovervåking av laks og sjørørret i elver på Sunnmøre høsten 2021, NORCE rapport nr. 444.). Dette er forhold som SFE meiner må gis merksemd.

Når det gjeld påstanden om at Vetlefjordelvi var ei lakseelv før kraftutbygginga, så forhold vi oss til fiskeundersøkingar som før og etter utbygging stadfester at Vetlefjordelvi er ei sjøaureelv. Rapport nr. 705/2004 frå Rådgivende biologer, omtaler temaet på side 8: «Ved fleire ungfiskundersøkingar før regulering vart det berre påvist svært låg tettleik av lakseungar (Nilsen 1982; Bjerknes 1987; Hessen mfl. 1989), og det er lite truleg at Vetlefjordelva i nyare tid har hatt ein stabil og sjølvrekrutterande laksestamme.» I Lakseregisteret er elva karakterisert som «ikke selvreproduserende lakseelv» (Miljødirektoratet register online).

Relevant informasjon og SFE sine kommentarar til krava

1) Vetlefjorden grunneigarlag

Vi ønskjer å kommentere Vetlefjorden grunneigarlag sine oversendte krav. Det er fleire tiltak dei ønskjer gjennomført.

1. Minstevannføring i restareal ovenfor Melsfossen på minimum 500 l/s

For dette punktet må det gjerast ei nytte-/kost-vurdering. Eksisterande kunnskap gjev eit godt grunnlag for å vurdere effekten av eventuelle minstevassføringstiltak.

I den samanheng vil vi påpeike at det er eit unytta potensial for å auke overlevinga av egg i både restfeltet, sidebekkar og hovudelva ved å lage fleire eigna gyteområde, utan å tilføre meir vatn. «I ein ny prioritert tiltaksplan (Gabrielsen & Pulg 2016) var gjenåpninga av Vetleelvi/Raubakkgrovi det enkeltståande tiltaket som trolig kunne hatt størst positiv effekt på fiskeproduksjonen i elva». Tiltaket med å gjenopne Vetleelvi/Raubakkgrovi er avvist av grunneigarane. Tiltaket kan gjennomførast utan revisjon av vilkår.

2. Etablere nye tappeløsninger, for eksempel fleksibelt vanninntak eller overflatetapping for å øke temperaturen om sommaren nedenfor kraftverksutløp

Historisk er Vetlefjordselva ei breelv med kaldt vatn om sommaren. Å auke temperaturen i denne perioden vil vere utfordrande og må innebere at kraftverket må stå i ein periode med høgt tilsig. I tillegg til at kraftverket i snøsmelteperioden hovudsakleg vert køyrt på tilsiget frå bekkinntaka i Grøndalen (vert ført inn på driftsvassvegen nedstraums magasina) har ein også konsesjonsgjeve dempingskrav i Nedre Svartevassvatn. Dette inneber at kraftverket i ein normalsommar må køyrast i fullast for å unngå overløp. Ei endra tappeløysing frå magasinet for å få overflatevatn er ikkje gjennomførbart i eit senkingsmagasin (70 meter reguleringshøgde) og me ser heller ikkje at det er dokumentert at ei slik løysing vil ha nokon nytteverdi.

3. Endring i konsesjonsvilkår så nedkjøring skjer med myke overganger (Formuleringen om nedkjøring har ikke vært presis nok. Dagens praksis med å redusere vannstanden på svært kort tid innen en time er ikke myke overganger, og medfører stranding av fisk. Dette er dokumentert ved vannstandsmålere i elven.)

Eksisterande manøvreringsreglement pålegg regulering med «mjuke overganger». Vår manøvreringspraksis vart endra i 2012 med mellom anna rolegare nedkjøring enn det som tidlegare var tilfelle. Endringane vart rapportert til NVE, som tok det til orientering. Grunneigarane sin påstand om at dette ikkje er mjuke overganger, må soleis rettast til NVE. Dette kan gjerast utan revisjon av vilkår.

SFE hadde tre vasstandsmålarar utplassert i elva nedstraums avløpet som logga vasstand på 5-minutts-intervall i ein tre årsperiode (2015-2018). Data frå desse viser at nedregulering av kraftverket hovudsakleg gjev ein reduksjon i vassnivå på mindre enn 5 cm/time (liten påverknad), og berre unntaksvis over 13 cm/time (stor påverknad). I NORCE sin rapport (2022) vert det soleis konkludert med at vassnivåendringar som fylgje av effektkøyringa har moderat påverknad på fisken, og det vart også i møte 17.08.2022 frå NORCE uttala at dei «hadde trudd at effektkøyringsmønsteret var verre enn det resultata syner». Det går vidare fram at effektkøyringa har størst påverknad ved lågare vassføringar, men SFE er ikkje kjende med at det har vore stranding av fisk etter at vår manøvreringspraksis vart endra i 2012. Det går også fram av NORCE sin rapport (2022) at ei vassføring på 1,5 m³/s dekker ca. 85 % av det totalt elveareal nedstraums Mel. Det er berre unntaksvis at elva si totalvassføring er nede på nivå med minstevassføringskravet på 1,5 m³/s og arealet som vert turrlagt ved effektkøyring er soleis avgrensa.

Vår meining er at årsaka til at effektøyringa har relativt liten påverknad på vassføringa i elva at kraftverket ved nedlasting vert manøvrert roleg samt at den fysiske utforminga er med å jamne ut vassføringa (ein 1,6 km lang avløpstunnel, brei overløpsterskel og ei tappelupe i avløpsterskelen som står open under drift på aggregatet).

4. Etablere omløpsventil for å sikre vann i elven ved utfall/brå stans i kraftverket

Som frivillig tiltak frå SFE si side vart det installert omløpsventil med kapasitet tilsvarande minstevassføringskravet i 2004. Dette er grunneigarar og forvaltning tidlegare orientert om.

5. Montere vannstandsmålere, både ovenfor kraftverket i restfeltet og nedenfor kraftverket, resultatene må logges og være tilgjengelige for alle

Når det gjeld vasstandsmålarar, så har vi ikkje vore pålagt å etablere slike i elva nedom kraftverket, men vi har frivillig hatt tre målarar utplassert i elva nedstraums avløpet som logga vasstand på 5-minutts-intervall i ein treårsperiode (2015-2018). I restfeltet er det vasstandsmåling like oppstraums avløpet (målestasjon 78.12) som del av vassføringsmålinga.

Vassføringsmåling i restfeltet og gjennom kraftverket (driftsvassføring) har eksistert sidan oppstarten i 1989. Hydrologisk målestasjon vassmerke Mel 78.12 (restvassføring) har årleg vore kontrollert av hydrologisk avdeling i NVE, med tilhøyrande årsrapportar, og kurvene er tilgjengelege i NVE si innsynsløysing Sildre. Informasjon om sanntids vassføring er vist på tavle ved avløpet og data vert årleg sendt NVE. Dette er grunneigarar og forvaltning tidlegare orientert om. Eventuell endring i måling og framlegging av data for ålmenta kan gjennomførast utan revisjon av vilkår.

6. Inntil nye konsesjonstiltak er iverksatt må det kreves utsetting av settefisk jfr. dagens konsesjonsvilkår § 19 pkt. II

Dette er vurdert av fiskebiologar, Statsforvaltar og Miljødirektoratet. Gjeldande forvaltningspraksis er at kultivering gjennom utsetting av fisk ikkje er ønskjeleg. Miljødirektoratet har i dag moglegheit til å pålegge SFE å gjere dette, dersom dei vurderer det som teneleg. Tiltaket kan gjennomførast utan revisjon av vilkår.

7. Moderne standard naturforvaltningsvilkår må inn i konsesjonen.

Gjeldande konsesjon har standard naturforvaltningsvilkår knytt til m.a. fiske, vilt og naturførekomstar. Vi er ikkje kjend med at moderne vilkår vil endre moglegheita forvaltninga har til å pålegge tiltak utover det som allereie er heimla i eksisterande vilkår.

Kommentar til supplerande e-post frå grunneigarlaget 10.01.22:

Grunneigarlaget skriv at dei les st.prp. 70 slik at det forventast haustbart overskot av fisk etter kraftutbygging (jfr. st.prp.70, bind 2 vedlegg 8). Vi kan ikkje sjå at det er formulert ei målsetting om «haustbart overskot» i st.prp. 70, men det er tydeleg at ein i konsesjonsprosessen hadde fokus på at ei utbygging kom til å få negative konsekvensar for fiskeproduksjonen i elva. Gjennom forarbeida til konsesjonsvedtaket la ein difor til rette for at ulempene ikkje skulle verte for store, og tok inn vilkår som kunne bøte på skadeomfanget. Konsesjonsvilkåra med manøvreringsreglement ligg til grunn for det handlingsrommet som både styresmakter og regulant har knytt til gjennomføring av kompensierende tiltak i vassdraget, med sikte på ivaretaking av m.a. vassdragsmiljø og ålmenta sine interesser.

Privatretsleg vart det ytt erstatningar til grunneigarane utmålt med føresetnad om at «*alt framtidig fiske måtte anses som tapt*».

I sluttrapporteringa av det 5-årige pålegget om overvakingsprogram og tiltaksgjennomføring vert det inkludert ei analyse av dei hydrologiske tilhøva i restfeltet ovanfor avløpet. Rapporten kjem i løpet av haust 2022. Data for vassføring i restfeltet er tilgjengeleg frå NVE si nettside sildre.nve.no.

2) Sogndal kommune

Kommunen grunngjev vedtaket sitt om å fremje krav om vilkårsrevisjon med at *«konsesjonen på generelt grunnlag er gamal og det er teneleg å sjå kraftverket i lys av nye konsesjonsreglar og forvaltningsprinsipp for vassdrag, samt vere i tråd med overordna mål for arealforvaltning i Sogndal kommune»*. Dei skriv og at *«NVE vil vurdere kva for vilkår som bør reviderast»*.

Som vi tidlegare har kommentert, vart det i samband med konsesjonsprosessen gjort naturfaglege utgreingar og vedteke ulike vilkår med føremål å redusere utbygginga sine negative konsekvensar for mellom anna fisk og fiske. Eit døme er at det vart sett krav til minstevassføring nedom avløpet. Gjeldande konsesjon har standard naturforvaltningsvilkår knytt til m.a. fiske, vilt og naturførekomstar. Vi er ikkje kjend med at meir «moderne vilkår» vil endre moglegheita forvaltninga har til å pålegge tiltak utover det som allereie er heimla i eksisterande vilkår. Det er allereie dagens forvaltningsprinsipp som ligg til grunn for måten vi planlegg, gjennomfører og samarbeider med forvaltning og interessantar om tiltaka i vassdraget.

Vi meiner at kommunen si utgreiing og vedtak manglar konkrete grunngjevne krav knytt til kva type skade og ulempe dei meiner at ein vilkårsrevisjon skal bidra til å forbetre. I fylgje retningslinene må krav konkretiserast og grunngjevast. Så lenge konkretisering ikkje ligg føre, er det, «satt på spissen», umogeleg for NVE å vurdere kva for vilkår som bør reviderast. Vi vil hevde at slik grunngjeving ikkje ligg føre og ber NVE vurdere det nærare i lys av gjeldande retningslinjer og om forutsetningane for å opne ei revisjonssak faktisk er oppfylt.

3) Vassdraget i høve rullering av vassforvaltningsplan 2022-2027

Kravbrevet frå Vetlefjorden grunneigarlag framstår som ein del av grunnlaget for Vassregion Vestland sitt forslag om å endre prioritering for vilkårsrevisjon (frå pri. 1.2 til 1.1) i framlegget til rullering av regional vassforvaltningsplan. Fylkestinget i Vestland derimot vedtok planen den 16.mars 2022 med følgjande endringar: *«Vidare ligg det ikkje særskild grunngjeving i planframlegget for å endre status for Vetlefjordelvi, i tråd med nasjonale krav. Status vert uendra for dette vassdraget.»*

Etter dette vedtaket har NVE og Miljødirektoratet (direktoratsgruppen) kome med sine tilrådingar til Klima- og miljødepartementet (KLD) og Olje- og energidirektoratet (OED) knytt til godkjenning av planane (01.06.2022). Her registrerer vi at vassdraget framleis står med 1.2-prioritering i vedlegg A, i tråd med Fylkestinget sitt vedtak.

Likevel, så lenge NVE har motteke krav om vilkårsrevisjon og revisjonstidspunktet er her, er SFE inneforstått med at NVE må vurdere saka etter gjeldande lovverk og retningslinjer. Vi vil bidra til å få fram eit godt kunnskaps- og vurderingsgrunnlag i saka.

Nokre formelle betraktningar

Føresetnadene for å opne ei revisjonssak går fram av Retningslinjer for vilkårsrevisjon (OED, mai 2012). SFE ber NVE om å vurdere om føresetnadene for å krevje vilkårsrevisjon i Vetlefjordelvi faktisk er oppfylt. Det gjeld:

1) om grunneigarlaget som kravstillar kan seiast å representere ålmenne interesser. Grunneigarane får gjennom skjøn og privatrettslege avtalar årleg kompensasjon for tapt fiske. Relevant til dette står det i Ot. Prp. 50 (1991-92) at privatrettslege forhold ikkje er gjenstand for vilkårsrevisjon. *"Grunneiere og andre rettighetshavere faller imidlertid utenfor fordi deres stilling må ansees avgjort ved skjønn."*

2) om Sogndal kommune sitt krav er tilstrekkeleg grunngjeve med å synleggjere *konkrete ulemper som reguleringa har medført*, og som kan betrast gjennom vilkårsrevisjon.

I tillegg til dei kommentarar vi no har lagt fram rundt krava, ber NVE oss om å gjere greie for følgjande:

Område det eventuelt kan vere behov for ytterlegare utgreiingar / dokumentasjon

Kunnskapsgrunnlaget knytt til undersøkingar og tiltak i vassdraget er lista opp i vedlegg 2. Rapportane kan sendast over på førespurnad, men dei fleste nyare rapportane er å finne på NORCE LFI og Rådgivende Biologer sine heimesider for nedlasting. Kunnskapsgrunnlaget er fylldig. Det som manglar i diskusjonen om endra vilkår er ei grundig analyse av kostnaden og nytten av eventuelle endringar i vilkår.

Opprustings- og utvidingsmoglegheiter og ev. gode løysingar knytt til revisjonskrava

Vi har pr i dag ingen konkrete planar knytt til OU-prosjekt som bidreg til gode løysingar knytt til krava.

Oppsummering

SFE har til no handtert, og er i ferd med å gjennomføre, alle dei realistiske tiltaka som ikkje går vesentleg ut over bruken av vatnet til kraftproduksjon. «Med bakgrunn i foreliggende fagkunnskap om tilstanden og utfordringene for sjøaure og laks i Vetlefjordelvi, er det god grunn til å tro at gjennomførte habitattiltak vil ha ønsket effekt og med det styrke sjøaurebestanden i elva» (NORCE, 2022).

- For SFE er det difor ønskjeleg å få vurdert effekten av desse tiltaka over ein lengre tidsperiode, før ein eventuell omfattande vilkårsrevisjonsprosess vert sett i gang.
- Vi er innstilt på å vidareføre samarbeidet med alle interessentar, utvide omfanget av habitattiltak og jobbe for å finne omforeinte løysingar innanfor gjeldande konsesjon.
- I tillegg oppmodar vi NVE om nøye å vurdere om føresetnadene for å opne revisjonssak er oppfylt.

Vi ber elles om at NVE tek kontakt om noko er uklart.

Med helsing

SFE Produksjon AS



Ola Lingaas
Produksjonsdirektør



Ragna Flatla Haugland
Fagleiar miljø og berekraft

X 6812000

X 6808000

X 6804000

X 6800000

Y 368000

Y 372000



Mel kraftverk

Samferdsel

- Fylkesveg
- Kommunal veg
- Traktorveg
- Sti



Restriksjonsområder

- NP Nasjonalpark
- NR Naturreservat

Kraftverkstema

- NVE_Nedbørsfeltgrensel
- Vannvei vannførende tunnel
- Kraftlinje
- Kraftverk
- Dam
- Inntak
- Målepunkt minstevannføring
- Hydrologisk målepunkt
- Biotoptiltak
- Fisketrapp
- Informasjonsskilt
- Tipp
- Bygning tilhørende anleggseier
- Tunnel ikke vannførende
- Kanal

Bakgrunnskart



Feil symbolbruk i kartet: desse tunnelane er ikkje vassfylte, men er adkomst-/transporttunnelar

Mel Kraftverk
(52,7 MW, 222 GWh)

Juskafossen (anadrom sperre)

Fisketrapp Melsfossen

Raubakkgrovi (habitattiltak sidebekk)

Rabbagrovi (habitattiltak sidebekk)

Vatneskredgrovi (habitattiltak sidebekk)

Monsøygrovi (habitattiltak sidebekk)

Igjenåpning (habitattiltak sidebekk)

Vetlefjorden

Rapportar Vetlefjordselvi status august 2022



Dato	Type	Tittel	Forfattar	Kommentar
xx.xx.2022	Rapport	Vetlefjordelvi årsrapport for 2021 / sluttrapport	Sven-Erik Gabrielsen & Bjørnar Skår	Utkast klart
xx.07.1987	Rapport	Fiskerisakkyndig uttale utarbeidd for heradsretten (Ytre Sogn), av Vilhelm Bjerknes, sak nr. 6/1986 B	Bjerknes	Rapport
15.07.2021	Rapport	Undersøkelser av ungfisk og gytefisk i perioden 2016-2020 samt evaluering av gjennomførte habitattiltak	Sven-Erik Gabrielsen & Bjørnar Skår	
04.12.2020	Rapport	Vetlefjordselvi årsrapport for 2019	Sven-Erik Gabrielsen & Bjørnar Skår	Rapport nr. 383
12.06.2020	Rapport	Forslag til justering av tersklar	Sven-Erik Gabrielsen & Christoph Postler	Rapport nr. 386
03.03.2020	Rapport	Videoovervåking av gytefisk i trappa 2020	Sven-Erik Gabrielsen	
27.09.2019	Brev	Angående status og pågående tiltak i Vetlefjordelvi	Gabrielsen, Pulg og Barlaup	
26.04.2019	Rapport	Vetlefjordselvi årsrapport 2018	Sven-Erik Gabrielsen og Bjørnar Skår	Rapport nr. 336
29.11.2018	Notat	Rapport kultivering 2018, flytting av fisk NORCE	Sven-Erik Gabrielsen	
08.03.2018	Rapport	Vetlefjordelvi årsrapport 2016 og 2017	Sven-Erik Gabrielsen og Bjørnar Skår	Rapport nr. 303
01.02.2018	Notat	Tidligere kultivering og betenkning angående videre kultivering i Vetlefjordelvi	Sven-Erik Gabrielsen og Bjørnar Skår	
01.12.2017	Notat	Kartlegging og tiltak i små bekker	Sven-Erik Gabrielsen og Bjørnar Skår	
01.12.2017	Notat	Tiltak nedre del av Raudbakkgrovi 2017	Sven-Erik Gabrielsen	
01.07.2017	Notat	Revidert tiltaksplan i Vetlefjordelva 2017	Sven-Erik Gabrielsen og Ulrich Pulg	
07.06.2016	Rapport	Fiskeundersøking i Vetlefjordselvi 2015	Bjart Are Hellen, Marius Kambestad og Thomas Tveit Furset	Rapport nr. 2260
01.01.2016	Notat	Tiltaksplan i Vetlefjordelva 2016	Sven-Erik Gabrielsen og Ulrich Pulg	
30.10.2015	Rapport	Fiskeundersøking i Vetlefjordselva 2014	Marius Kambestad, Bjart Are Hellen og Harald Sægrov	Rapport nr. 2109
30.10.2015	Rapport	Flaskehalsar og mulige tiltak for sjøaure 2015	Marius Kambestad & Bjart Are Hellen	Rapport nr. 2140
30.10.2015	Rapport	Hydromorfologisk kartlegging av Vetlefjordselvi 2013-2015	Bjart Are Hellen, Marius Kambestad, Steinar Kålås, Harald Sægrov & Joar Tverberg	Rapport nr. 2139
17.08.2015	Rapport	Overvåking av gassmetning i Vetlefjordselva 2014-2015	Ulrich Pulg og Sebastian Stranzl	
09.12.2014	Rapport	Fiskeundersøking i Vetlefjordselva 2013	Marius Kambestad, Bjart Are Hellen og Harald Sægrov	Rapport nr. 1978
27.09.2013	Rapport	Fiskeundersøking i Vetlefjordselva 2012	Marius Kambestad, Bjart Are Hellen og Harald Sægrov	Rapport nr. 1784
23.08.2012	Rapport	Botndyr- og fiskeundersøking i Vetlefjordselva 2009-2011	Harald Sægrov, Steinar Kålås & Kurt Urdal	Rapport nr. 1586
02.11.2010	Presentasjon	NINA Jensen presentasjon Observerte temperaturar i Vetlefjordelva og forventa effekt på fisk	Arne Jensen	
30.06.2008	Rapport	Fiskeundersøking i Vetlefjordselva 2007	Harald Sægrov & Kurt Urdal	Rapport nr. 1112
20.08.2007	Rapport	Fiskeundersøking i Vetlefjordselva 1998-2006	Harald Sægrov & Kurt Urdal	Rapport nr. 1015
27.05.2005	Brev	Kommentar til driftsplan for Vetlefjordselvi	Harald Sægrov	
05.05.2005	Rapport	Fiskeundersøking i Vetlefjordselva 2004/2005	Kurt Urdal & Harald Sægrov	Rapport nr. 764
01.05.2004	Rapport	Fiskeundersøking i Vetlefjordselva 2003	Kurt Urdal, Steinar Kålås & Harald Sægrov	Rapport nr. 705
12.09.2003	brev	Ang. ulike tilhøve ved reguleringa av Vetlefjordelva.	Harald Sægrov	
01.05.2003	Rapport	Fiskeundersøking i Vetlefjordselva 2002	Kurt Urdal, Steinar Kålås & Harald Sægrov	Rapport nr. 627
02.03.2002	Rapport	Fiskeundersøking i Vetlefjordselva 2001	Kurt Urdal, Bjart Are Hellen, Steinar Kålås Harald Sægrov	Rapport nr. 547
06.06.2001	Rapport	Fiskeundersøking i Vetlefjordselva 2000	Kurt Urdal, Bjart Are Hellen, Steinar Kålås Harald Sægrov	Rapport nr. 494
15.01.1999	Rapport	Undersøking av gytebestand og ungfiskettleik i Vetlefjordselva 1998	Kurt Urdal, Bjart Are Hellen, Harald Sægrov	Rapport nr. 381
11.09.1998	Rapport	NIVA Rapport Vannkvalitet, regulering og anadrom fisk 1997-1998	Vilhelm Bjerknes, Bjørn Barlaup, Einar Kleiven, Agnar Kvellestad, Gunnar Raddum, Åse Åtland	Rapport nr. 3924-98
07.04.1995	Rapport	Temperatur og fiskeproduksjon i vetlefjordelva etter regulering. Vurdering av skisse til manøvreringsreglement.	Bjerknes, V.	NIVA-rapport 3245
01.09.1994	Rapport	NIVA Rapport Vannkvalitet, bunndyr og fisk 1993-1994	Vilhelm Bjerknes og Torleif Bækken	Rapport nr. 3143-94
01.09.1994	Rapport	Vannkvalitet, fisk og bunndyr i Vetlefjordelva høsten 1993-94	Bjerknes, V. & Bækken, T.	NIVA rapport 3143
01.09.1993	Notat	Vannkvalitet, fisk og bunndyr i Vetlefjordelva høsten 1992.	Hobæk, A. & Bækken, T.	NIVA-notat v93/10
01.12.1991	Notat	Registreringer av fisk, bunndyr og vannkvalitet i Vetlefjordelva høsten 1991	Bjerknes, V. & Bækken, T.	NIVA notat v91/27
07.12.1990	Rapport	Kort omtale av tilhøva for fisk i Vetlefjordelva og framlegg til kompensasjonstiltak knytta til kraftregulering	Sættem, L.M	

01.12.1990	Notat	Registreringer av fisk, bunndyr og vannkvalitet i Vetlefjordelva høsten 1990	Bjerknes, V. & Bækken, T.	NIVA notat O-90165
01.12.1989	Notat	Etterundersøkelser i Vetlefjordelva,	Hessen et al.	NIVA notatO-89212
30.06.1989	Rapport	Vetlefjordvassdraget. Vurdering av tiltak for betring av fiskeproduksjonen	Vilhelm Bjerknes	
04.04.1989	Rapport	NINA rapport Økt slamføring i vetlefjordelva som følge av anleggsarbeid. Effekter på fisk og bunndyr	Hessen et al.	Rapport nr. 2226
25.04.1988	Skjønn	Skjønn regulering Vetlefjordselvi. Rettsbok for Ytre Sogn Herredsrett		
20.03.1988	Rapport	NIVA Notat Auka slamføring som følge av anleggsarbeid. Effekter på fisk og botndyr i vassdraget.	Bjerknes et al.	Notat O-88016
01.11.1982	Rapport	Vetlefjordelvi. Mel Kraftverk. Konesjons-søknad del 2: Konsekvensanalyser og merknader. Vedlegg 8.	Morten Nilsen	Vedlegg 8